
Saksnr: 2019/11-72
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		11.05.2021

Søknad om midlertidig fritak frå verv - Inge Fiskvik

Forslag til innstilling

Inge Fiskvik vert innvilga midlertidig fritak frå sitt verv som leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Samandrag

Inge Fiskvik har søkt om midlertidig fritak frå sitt verv som leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Søknaden gjeld frå søknadsdato 19. mars 2021 og ut året. Fylkesrådmannen finn at vilkåra for fritak er oppfylt.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Søknad om fritak Inge Fiskvik

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I e-post datert 19. mars 2021 har Inge Fiskvik søkt om midlertidig fritak for sitt verv som leier i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Fiskvik representerer Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon og søknaden gjeld frå søknadsdato og ut året. Fiskvik har grunngjeve søknaden med at han har fått nye arbeidsoppgåver og difor har avgrensa moglegheit for å kunne vere i dialog om saker som vedkjem rådet i arbeidstida.

Vedtakskompetanse

Av reglement for fylkesutvalet punkt 3, går fram at fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore vedteke av fylkestinget, når det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle til dette, jf. kommunelova § 11-8.

Mynde til å gjere vedtak i søknad om midlertidig eller varig fritak frå verv som folkevald ligg opphaveleg til fylkestinget.

Søknader om midlertidig fritak kan vere av kortare eller lengre tidsrom. Når folkevalde ber om fritak omgåande, meiner fylkesrådmannen at det av omsyn til den folkevalde er naudsynt å treffe vedtak så raskt som mogleg. Fylkesrådmannen legg difor saka fram for fylkesutvalet, og føreset at dette vert etablert som praksis. Fylkesrådmannen legg til grunn at eventuelt val av setjemedlem vert gjort av fylkestinget på vanleg måte.

Fylkesrådmannen si vurdering

Av førearbeida (Prop. 46 L. (2017-2018) s. 364 følger:

«Fritak kan innvilges dersom det vil være til vesentlig ulempe for den folkevalgte dersom vedkommende ikke innvilges fritak. Det siktes her først og fremst til forhold knyttet til den folkevalgtes helsetilstand, arbeidsforhold, familieforhold og andre sterke velferdsgrunner. Etter bestemmelsen må det foreligge vesentlig ulempe. Dette innebærer at det ikke skal være kurant å få fritak. Det følger av andre punktum at det skal mer til for å få fritak fra vervet som folkevalgt dersom forholdet som begrunner fritakssøknaden, var kjent da vedkommende samtykket til å stille til valg.»

Fiskvik har grunngjeve søknaden sin med nye arbeidsoppgåver som inneber utfordringar for ham personleg, men òg for rådet. Vesentlegvurderinga etter lova er knytt til den folkevalde. Fiskvik er leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Det inneber ekstra krav til tilgjenge overfor både rådet sine medlemer og administrasjonen. Fylkesrådmannen finn at Fiskvik har lagt fram relevant fritaksgrunn og at denne ikkje var kjend for Fiskvik då han samtykka til å stille til val. Fylkesrådmannen finn at det vil vere vesentleg til ulempe for Fiskvik om fritak ikkje vert innvilga, og at vilkåra for fritak dermed er oppfylt.

Fylkesrådmannen vil òg, utan at det er naudsynt for å grunngje konklusjonen, trekke fram omsynet til at rådet skal ha ei leiing som bidreg til å oppretthalde eit hensiktsmessig aktivitetsnivå.

I Fiskvik sitt fråvær vil nestleiar Trude Brosvik (Krf) leie rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Det vil vere opp til rådet sjølv om det eventuelt vil velje ein midlertidig nestleiar.

Konklusjon

Søknaden vert innvilga.